



Kyrkjelyden har vore gjennom store endringar. «Vi har forlete den prestestyrt og søndagsfokusererte kyrkjelyden og også arbeidsdelinga mellom kyrkje og bedehus», skriv sokneprest og kyrkjeverje. Staben dreg godt i lag saman med mange frivillige medarbeidarar. Kyrkjelyden har mot og sit ikkje fast i gamle spor. Samstundes er fellesskapet traust og stabilt. Kyrkjelyden har brukt «Naturlig menighetsutvikling (NaMu)» sidan 2000, og får ros av biskop Halvor Nordhaug for det. «Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil», seier biskopen.

Melands heimeside <http://www.melandkyrkja.no>

Kort intervju med sokneprest og kyrkjeverje <http://k-vekst.no/namu-tv>

Nær Bergen

Meland kommune har om lag 7500 innbyggjarar og ca 6300 er medlemmer i Den norske kyrkja. Kommunen blir meir og meir prega av å ligge nær Bergen. Nybygging, tilflytting og ei ung befolkning pregar lokalsamfunnet. Mange er pendlarar, mange jobbar i oljerelaterte bransjar og i serviceyrke. I kyrkjelyden er det mange lærarar. Mange har god råd. Dei svakare gruppene er ikkje så tydelege, men dei fins. Kommunen har aktive idrettslag, spesielt fotball.

Bedehusland

Det er mykje frå den gamle bygdekulturen som set preg både på samfunn og kyrkjelyd. Dette er bedehuslandet, og det var bedehuset som var den viktigaste samlingsstaden for dei kristne inntil for få tiår sidan. Kyrkja kom meir som eit tillegg for mange. Men forholdet mellom kyrkje og bedehus har vore positivt. Meland vart ikkje eige prestegjeld med fast gudsteneste kvar søndag før i 1991. Det kristelege miljøet i kommunen er kjent for å ha mange ressurspersonar, i stor grad som ei frukt av folkehøgskulen på Frekhaug. Det er berre eit kyrkjebygg i kommunen, og det ligg nokre kilometer frå kommunesenteret Frekhaug.

Fleire forsamlingar

Kristenliv og busetting har eit tyngdepunkt på Frekhaug, og der har kyrkjelyden tatt til med ei gudsteneste i månaden. Pinsevekkane har lenge hatt ein kyrkjelyd i Meland. Der er det også to sjølvstendige forsamlingar innanfor den norske kyrkja: Norkirken Nordhordland og Frekhaug indremisjon. Dei har begge søndagsmøte kl. 1100.

Gudstenesta

I snitt deltek 120 på gudstenester i Meland kyrkjelyd. Ikkje svært mange møter kvar søndag. Mange kjem av og til. Det er ikkje så mange over 80 år lenger. Dei var eit tydelegare innslag før. Barnefamiliane set preg på gudstenestene, særleg når det er barneopplegg og søndagsskule. Nokre få barnefamiljar kjem elles også. Barnefamiliane gjer at snittalderen har gått ned. Kyrkjelyden er blitt ein fleirgenerasjonskyrkjelyd. Kyrkjelyden lever vel i si fruktbare spenning med dei store flokkane med dåpsfamiljar og konfirmantar og med fellesskapet mellom dei som

vedkjenner seg trua. Kyrkjelyden er flink til å involvera folk. Med fem gudstenestegrupper som tar del i førebuing og gjennomføring, har Meland fått til det breie engasjementet for gudstenesta som den nye gudstestereforma vil utløysa.

Sokneprest Torbjørn Aamli legg til:

- Vi har det siste året hatt gudstjenestetet team som har fungert godt. Folk opplever det positivt og kjekt å jobba saman om noko viktig. Dei likar å få påverka gudstenesta.

Barna i gudstenesta

På tjuve år har barna fått ein langt meir positiv plass i gudstenesta. Kyrkjeverje Anne Sofie Nergård Uthaug fortel kva som er skjedd.

- Vi har frå dei yngste til dei eldste med i gudstenesta. Slik var det ikkje i Meland kyrke på 90-tallet. På gudstenesta kunne ein oppleve at barn ikkje var så populære å ha med, bortsett frå å sende dei på søndagsskulen. Eg trur alle opplever at vi er glade for dei barna vi har her, og at vi toler litt lyd av dei. Det er ein kultur som har endra seg. Fleire faktorar har virka i same retning. NaMu har spelt ei rolle. Biskop Hagesæther sette fokus på barna, og trusopplæringsreformen gir barna ein større plass i gudstenesta, seier kyrkjeverje Uthaug.



To fra Løvegjengen (søndagsskulen) i aksjon i preikestolen.

Fellesskap i kyrkja

I mange bygder var det lenge ei arbeidsdeling mellom kyrkje og bedehus kor kyrkja tok seg av gudsteneste og kyrkjelege handlingar, medan bedehuset stod for barnarbeid, møter og felles-skap. «Dette har endra seg i Meland», seier kyrkjevevjerje Uthaug. «Kor, diakonalt arbeid, bønearbeid, trusopplæring og ungdomsarbeid er blitt ein del av kyrkjelyden.» Ho held fram:

- Vi legg større vekt på fellesskapsbygging nå. Det var det fint lite av i kyrkjelyden før vi gjekk i gang med NaMu. Det var på ein måte dei frivillige organisasjonane som tok seg av fellesskap og organisering. Vi tok ganske fort til med husgrupper. Livsnære grupper har sidan år 2000 vore styrken vår sjølv om vi nå treng å prioritera dei endå meir, forklarar kyrkjevevjerje Uthaug.

Sokneprest Aamli legg til:

- Vi ønsker kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste. Det var ikkje sjølvstøtt før. Vi har lagt vekt på det, og nå er kyrkjekaffi noko som høyrer med. Tidligere var det kultur for å skunda seg heim etter gudstenesta. Nå blir mange att. Vi har litt fleire turar og medarbeidarfestar. Det er også sterkare fokus på dei 250 frivillige medarbeidarane som vi er stolte over og gjerne vil både ta vare på og utrusta.

Nærmiljøet

Kyrkjelyden har det siste året gitt større merksemd til nærmiljøet, og har leigd eit lite lokale i sentrum av Frekhaug. Der har medarbeidarar ein open møteplass for folk som er heime, for eldre og for trygda. Så langt er det ikkje ein kjempesuksess, men kyrkjelyden blir meir synleg der folk bur. Kyrkjelyden har også småbarnstreff og ungdomsklubb på ettermiddagstid ein dag i veka. Det er blitt synleg at kyrkjelyden treng eit kyrkjebygg i sentrum. Folk på Frekhaug lir under at kyrkja ligg så langt unna. Det tar månadar før innflyttarar oppdagar gudsteneste og kyrkjelydsarbeid.

Endring og spenning

Kristenlivet i Meland var i sterk vekst på 90-tallet. I tillegg til at forholdet mellom kyrkje og bedehus for det meste var godt, fekk impulsar frå Oaserørsla sterkt fotfeste. Det var etterspurnad etter nye former og metodar. Fleire engasjerte seg, visjonane og også spenningane i kyrkjelyden auka. Uthaug var med i soknerådet som vanleg medlem i år 2000. Då ho høyrde sokneprest Helge Standal halda eit inspirerande foredrag om NaMu, tenkte ho at NaMu kunne brukast til å halda kyrkjelyden saman. NaMu-tankegangen samlar opp i seg mykje, og ho og fleira andre vona at NaMu skulle minka spenninga og gi einskap. Slik gjekk det ikkje. Det var samtalar mellom ulike grupperingar om å samarbeide om gudstenester og anna, men det gjekk ikkje.

Oppdeling

Då det ikkje var mogleg å halda dette yrande livet og engasjementet innanfor ein struktur leia av sokneråd og prestar, blei resultatet ei ny forsamling knytt til Normisjon, offisielt frå januar 2004. I tillegg ble det danna eit husfellesskap knytta til Kristkirken. Kyrkjelyden fekk ei sterk kjensle av tap og krise etter denne prosessen. Det blei ei kriseløysing i staden for det som kunne blitt ei kyrkjelydsplanting der folk flest bur. I den situasjonen var det godt med NaMu-rettleiing.

Grupper og nådegåver

Kyrkjelyden samla seg om NaMu sjølv om tydelege leiarar hadde ulike idear om korleis ein kyrkjelyd skal vera. Ein høgkyrkjeleg prest og lågkyrkjeleg prega medarbeidarar kunne einast om det grunnleggjande i NaMu. Sjølv sagt var det også stor vilje til samarbeid. Heilt sidan kyrkjelyden starta med NaMu har utfordringa vore å finne seg sjølv: Kven er Meland kyrkjelyd? Korleis kan vi bygga kyrkjelyd i ein slik folkekyrkjelyd? Kven kan vi rekne med?

Den fyrste kyrkjelydsprofilen i år 2000 viste ein veik kyrkjelyd. Berre gruppene var over snittet samanlikna med andre. Kyrkjelyden var for dei vaksne, og først og fremst ei forsamling kring gudstenesta. Det lågaste resultatet var nådegavebasert teneste med 30.

Kyrkjelyden sette inn gode tiltak. Han opna opp for medarbeidarar og nådegaver og delte på oppgåvene etter kva nådegåver den enkelte hadde fått. Uthaug fortel frå denne tida:

- Vi inviterte til nye smågrupper og oppdaga til vår overrasking at mange var interesserte. Mange nye ville vera med i husfellesskap, og mange enga-sjerte seg i søndags-skulen, ja, i mange andre oppgåver også, sier Anne Sofie og held fram:

- Det er eit utruleg rikt musikk- og kulturliv i Meland, og mange stod klar til å ta over oppgåver, og dei opplevde mogning og vekst ved det. Det blei gjennomført nådegåvekurs. I enkelte gudstenester var det sterkare preg av lovsang. Vi hadde også alternativ liturgi.


Tiltaka gjorde godt. Den neste profilen i 2002 viste at dei hadde lukkast. Medarbeidarane treivst betre og fekk brukt seg sjølv meir. Meland kyrkjelyd var blitt ein sunn kyrkjelyd med eit resultat med snitt på 52. I 2005 auka snittet til 56.

Ein forsamling til

I 2009 blei Frekhaug bedehus (Nordhordland Indremisjon/ ImF) ei forsamling. Med formiddags-gudstenester (-møte) parallelt med gudstenestene i kyrkja tok den flokken eit steg vekk frå kyrkja og markerte sjølvstende. Dette omfatta færre personar og blei ikkje ei så sterk kriseoppleving som då Norkirken blei danna.

Fleire på gudsteneste

- Når vi ser på tilhøva i dag, kan vi konstatere at for dei vaksne har det blitt eit breidare tilbod. Samla deltar fleire på gudsteneste i dag enn for ti år sidan. Det tok ikkje svært lang tid før talet på gudstenestedeltakarar i kyrkjelyden vår var på nesten same nivå som tidlegare, seier Uthaug.



Sokneråd og stab let seg ikkje stoppa av det uvanleg veike resultatet på det første kyrkjelydsprofilen.



Barn og vaksne byggjer kyrkjelyd saman.


Ungdomsarbeidet

I 2013 er det ungdomsarbeidet som lir mest av at kyrkjelyden er blitt oppdelt. Det er ikkje på same nivå som for ti år sidan. Fleire forsamlingar gir tilbod om opplæring av konfirmantane i Den norske kyrkje. Det er utfordrande å ta vare på unge etter ungdomsskulealderen og gjera dei til læresveinar. «Ennå har vi ikkje funne strategien for å løyse den utfordringa», seier Uthaug. Biskop Nordhaug sa i visitasforedraget i april 2013 mellom anna dette om konfirmantarbeidet: «I Ungdomsåret 2013 finn eg det beklageleg at det einaste arbeidet som faktisk når fleirtalet av ungdomen, konfirmasjonen, blir svekka gjennom den oppsplittinga av konfirmantflokkene som no skjer». Samtidig har kyrkjelyden respekt for at dei ulike forsamlingane opplever eit behov for å ta vare på eigne ungdommar gjennom eige konfirmant- og ungdomsarbeid. Dette er eit dilemma.

Eigne mål

Oppdelinga av kyrkjelyden har lært leiarskapen å gå føre, vera modige og ikkje berre handla ut frå det andre forsamlingar gjer.

-Vi har lært at vi må fokusere på eigne mål, og vi trur at Gud har ein plan med kyrkjelyden vår. Vi jobbar med oss sjølv og seier til oss sjølv at vi skal anerkjenne kvarandre, tala vel om kvarandre og gleda oss over når ein av dei andre forsamlingane lukkast. Det er ikkje alltid like lett i praksis, men vi prøver. Nå er det ein god dialog med dei andre forsamlingane, og om vi ikkje er samde i alle ting, så anerkjenner vi kvarandre og støttar kvarandre. Det var krevjande for dei leiarane som var involvert i det som førte til ei oppdeling, å få til ny dialog, men soknepresten har gjort ein god jobb med å samtale på tvers. Vi har etter kvart fått til felles gudsteneste ein gong i året med dei to forsamlingane. Det er verdifullt, seier kyrkjevevjerje Uthaug.



Kyrkjelyden vil styrka bønnearbeidet fordi profilen syner at det trengs.

Det er mykje positivt i Meland kyrkjelyd. Dei seinaste tre kyrkjelydsprofilane viser eit snitt på vel 50. Truslivet er det veikaste, gruppene er heile tida det sunnaste.

Kyrkjelydsprofilane viser korleis tretti nære medarbeidarene vurderer kyrkjelyden og seg sjølve. Derfor er profilen til hjelp når det er mange meiningar. Nå fokuserer kyrkjelyden spesielt på trus-opplæringsplanen med ny barnarbeidarstilling frå 2012. Kyrkjelyden vil også styrka sang- og musikktenesta i gudstenesta og bønnearbeidet.

Imponert

Biskopen var på visitas i april 2013. I foredraget på slutten av visitasen seier han: «Det eg har sett desse dagane har imponert meg. Eg er stolt over å ha ein slik kyrkjelyd i bispedømet, for Meland kyrkjelyd er ein kyrkjelyd som vil. Ein kyrkjelyd som har eit mål og ein visjon og ein strategi – som de faktisk brukar.» Han oppsummerte slik: «Kyrkjelyden vil byggja kyrkjelyd, forkynna Kristus, fremja rettferd og byggja eit nytt kyrkjebygg»...«Eg vil og gje dykk ros for at de har vald NaMu. Der har de både ein samtalepartner og ein måte å måla dykk sjølv på.»